

**Notat**

Dato: 14.05.2019  
Arkivsak: 2014/10030-137  
Saksbehandlar: torsan12

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Kompetanse og utdanning i Nordhordland - Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen (rapport frå UiB)**

Fylkesrådmannen viser til møte i utval for opplæring og helse, 14.05.19 under orientering frå Baste Tveito, leiar av Nordhordland næringslag, om rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen»

Rapporten er eit produkt av prosjekt som har som mål å få fram kunnskap om eksisterande kompetansestruktur og framtidige kompetansebehov i ulike delar av arbeidslivet i Nordhordland. Prosjektet starta i april 2018 og har vore leia av Universitetet i Bergen.

Det empiriske materialet omfattar eit omfattande datamateriale om den vidaregåande opplæringa og korleis utdanning og opplæring kan knytast opp mot arbeidsmarknaden sitt behov i eit kort- og langsiktig perspektiv. Studien er basert på ei rekke intervju blant ulike verksemder i Nordhordland, dei vidaregåande skulane, kommunane og andre organisasjonar.

Datainnsamlinga blei utført april til november 2018 og inkluderer 93 intervju blant offentlege og private verksemder, samt ni fokusgruppe- og nøkkelinformantintervju blant kommunar og andre institusjonar.

Rapporten «Kompetanse og utdanning i Nordhordland – Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen» ligg som vedlegg til denne referatsaka.

### Vedlegg

1 Kompetanse og utdanning i Nordhordland - Strukturer, samarbeid og erfaringer fra regionen